

Minnetales for Trine Christel Thomassen Holsen (skreven for munnleg framføring under bisetjingsseremoni i Mølla, Litlebergen, 29.04.20)

**Vi bøyer vårt hode i sorg,
ditt blikk og din stemme er borte,
vi skal savne ditt nærvær, ditt vesen,
vi skal ikke se deg igjen.**

**Vi bøyer vårt hode ærbødig
for alt hva du var, hva du gjorde,
og det som ga mening til livet,
for den som fikk være deg nær.**

**Vi løfter vårt hode i glede
ved minner om deg og din tid.
Om din tid i blant oss er over,
så er du en del av vårt liv.**
Kjell Baalsrud

Slik har Kjell Baalsrud sett ord på døden, på takk for det som var og om livet etterpå. Malande, - med var pensel, skildrar han dette vanskelege og vonde som mennesket gjennom alle tider har måtta forhalda seg til, - det som gjeld for oss alle, - uansett, **døden**.

Livet har ein begynnelse og livet har ein slutt. Uløyseleg er inngangen til livet knytt opp mot utgangen, det sikraste av alt.

Dette har vi alltid visst, men like fullt er det vondt når ein av våre kjæraste og næraste døyr. Spesielt når det skjer så altfor tidleg.

**Kjære Stein og Erik, Agnes og Svein, Jørn og Marte,
Jenny og Olaug, familie og venner av Trine**

La oss gjennom tankar, ord og musikk få ei stund saman som vi i ettertid kan tenkja tilbake på med ei god kjensle.

Det er ikkje kvar dag vi tar oss tid til å tenkja over livet, men i sorg som i dag, gjer vi det.

Då kjem mange spørsmål som ikkje har svar, men til gjengjeld blir vi audmjuke over sjølve livet, og vi tek ekstra godt vare på kvarandre.

Vi har nok ei felles oppfatning av at livet er underfundig, - og vi opplever det kvar dag, ikkje minst i den heilt spesielle tida heile verda opplever no, – at ingen kan dirigera livet. For livet er mangslunge med dei største gleder, men eit levd liv kan også gje oss dei djupaste sorger.

I slike situasjonar gjer ein seg mange tanker om livet, - tenkjer tilbake i tid og prøver å få livets epokar og episodar i perspektiv.

I dag er me er samla i sorg for å ta farvel, for å minnast og for å visa Trine Christel Thomassen Holsen ei siste ære. Ho har gått ut av tida, ut av livet, slik vi kjenner det, 46 år gammal.

Gjennom musikk som betydde mykje for Trine, gjennom minneord og samvær skal vi minnast og æra Trine. Naturleg nok vert det musikk knytt til Nord-Norge.

Trine var fødd 11. september 1973 i Bodø av foreldra Agnes og Svein Thomassen. Ho var nummer to i ein søskenflokk på tre. Det var storebror Jørn og seinare lillesøster Marte.

Oppveksten i Bodø var i eit rikt, godt og kjærleg familie- og nærmiljø. Far Svein var tilsett i Forsvaret og fekk ein

arbeidssyklus som gjorde at det nære nettverket for Trine dei første åra var storebror Jørn, mamma Agnes og Mor Jenny.

Og det var i Mor sitt hus dei budde, for dei hadde enno ikkje sitt eige. Familien bygde eige hus og flytta inn til jul i 1979 då Trine var seks år gammal. Huset blei hennar trygge base fram til ho var ferdig med vgs. Det gode kameratskapet kunne utvikla seg i nabolagets store ungeflokk. Der fekk Trine mange gode venner, for det var mange unge foreldre som omtrent samtidig etablerte seg med nye hus og stifting av familie.

Å veksa opp på Mørkved var ei god tid for Trine.

Her var det mange eldsjeler som sette i gang aktivitetar på mange plan. Trine var glad i symjing og blei som fisken i vatnet. Kanskje mamma Agnes sin vannskrekk var årsaka til at ho tenkte at ungane hennar skulle læra å symja.

»Tenk nåkka så unøttig som å ha vannskrekk,» tenkte mamma, så å læra å symja og ta vare på seg sjølv i det våte elementet blei prioritert.

Trine var eit søkjande menneske alt i ung alder, også når det var å vera med på ulike aktivitetar. Fotballen fekk ei kort karriere utan den store suksessen, og slik blir det for mange når trenaren meiner at dei beste må få mest speletid. Judo blei også prøvd ut nokre år før ho vart aktiv i Røde Kors. Der vart det nokre fine år som aktiv i hjelpekorpsset og påskevakter på Saltfjellet og deltaking i norgesmeisterskapet i førstehjelp.

På vidaregåande valde ho utradisjonelt. Det blei elektro grunnkurs. Kanskje var ho inspirert av pappa sin bakgrunn? No møtte ho han som faglærer på grunnkurset, eller kanskje det var så enkelt at ho i alle fall ikkje ville gå på allmennfag. Trass i svært mange søkjarar, blei det to jenter i klassen som gjekk vidare på automasjonslinja på Bodin vgs., og dei vart ikkje kjønnskvoteerte inn, nei, begge kom inn på vanleg grunnlag, karakterar.

Pappa Svein oppsummerer tida til Trine som heimebuande slik: Problemfri å ha i huset.

Etter vgs søkte Trine om lære plass ved Statoil Mongstad. Også der var det mange som følte seg kalla. Etter intervjuunden var Trine nøktern og meinte at ho neppe fekk lære plass, for i følge ho sjølv hadde ho vore litt raus i praten og kan henda rekna ho med å bli vurdert som for

fresk i språket. Men nei, eller ja, ho fekk plass. Hennar friske nord-norske språk hadde ikkje overskugga og øydelagt hennar høge faglege bakgrunn. Kanskje var det heller den gode miksen av det faglege og det kommuniserande ved Trine som gjorde utslaget.

Så i 1992 vart det oppstart av læretid på Statoil Mongstad. Den varte til 1995.

Så ville tilfellet at same året var det ein annan ungdom som fekk draumen sin oppfylt. Frå Hjellvik på Osterøy kom Stein inn i læremiljøet ved Statoil Mongstad.

Det tok ikkje så lang tid før to av lærlingane såg at dei hadde ein kjemi langt ut over det å vera lærlingar i same faget. Nitten år gammal reiste Trine heim til Stein sin heim plass og møtte dei som seinare skulle bli hennar kjære svigerforeldre, Olaug og Bjørn. Der blei Trine tatt raust imot og Olaug fekk ei svigerdotter som ho karakteriserer som verdens beste, kunnskapsrik, flink i huset, dyktig med mat. « Ja, ho var litt spesiell, Trine. Jeg var en beundrer av Trine.»

I 1998 blei det giftarmål i Bodø. Stor fest i båtforeninga sitt klubbhus til langt ut i den heile tida lyse 18.juli-natta. Gjestane frå Vestlandet var store i augene og kunne ikkje

forstå at ein skulle leggja seg «Når sommarnatta ligg utover landet...»

No hadde det alt frå 1996 vore slik at både Trine og Stein vart tilsette ved Statoil sin nye metanolfabrikk på Tjeldbergodden. Der vart dei mellom Statoil sitt nøkkelpersonell som skulle byggja opp det nye anlegget for utvinning av gass frå Heidrun-feltet.

Tjeldbergodden Industrianlegg stod ferdig og blei opna 5.juli 1997

Same året kjøpte Stein og Trine hus på Kyrksæterøra, så tanken på å bli verande i området var absolutt aktuell. Spørsmålet om buplass midt mellom slektene Thomassen i Bodø-distriktet og Holsen i Nordhordland, vart nok drøfta og vurdert opp mot ulike alternativ. I mange år var det slik at ferieturen gjekk anten til Bodø, eller til Osterøy.

Erik meldte langt om lenge sin etterlengta ankomst i 2002. Han forgylla Trine og Stein og sikkert også mange andre sine liv.

Spørsmålet om framtidig, varig bustad kom opp igjen med full styrke då Erik nærma seg skulealder. I 2008 vart det igjen Mongstad som vart arbeidsplassen både for Trine og

Stein. Etter ei mellomlanding i leigt husvære, vart det huskjøp i Knarvik, Orresteinen. Overkommeleg reise til jobb på Mongstad for både Trine og Stein, kort veg til Bergen og bylivet når det var behov for det.

I arbeidet sitt vart Trine ein person som skapte tillit og god tovegs kommunikasjon. Ho representerte og praktiserte sine gode verdiar til beste for dei omgjevnadene og det miljøet ho til eikvar tid var i. Ho fekk årelang tillit frå sine kollegaer i Statoil og seinare Equinor som tillitsvald for dei organiserte i Industri-Energi-foreninga. Ho fekk ei høg stjerne både mellom medlemmane sine og mellom dei ho møtte til drøftingar, forhandlingar og samarbeid til beste for både tilsette og Equinor. Kanskje såg medlemmane at dei hadde ein leiar med ein vel utvikla rettferdssans? I seg sjølv ein god kvalitet, spesielt for ein tillitsvald.

Trine var ein tydeleg person for alle som møtte henne. Ho gjorde noko av seg mellom folk, anten det var høgst privat, i venneflokk, eller i arbeidssituasjonen.

Det var aldri tvil om kvar Trine stod, kva ho fronta, kva ho representerte, kva ho ville oppnå. Gjennom sin ærlege og framifrå ryddige veremåte, visste folk at dei ville få ærlege svar når dei spurde ho om noko, ikkje omgåing for å vika unna, heller eit svar rett frå levra, pakka inn i hennar nord-

norske klang ispedd forsterkingar om det var bruk for nettopp det.

Denne opne veremåten var Trine sin signatur, hennar varemerke både i det private, i frivillig arbeid og i jobbsamanheng. Ho hadde stor påverknadskraft utan at det var det viktigaste for henne å vinna fram i samtalen. Trine kunna snakka for seg og for andre, men like god var ho til å vera ein god lyttar, ein god samtalepartner.

Også i skulesamanheng stilte Trine opp langt ut over det som blei forventa. Å bli vald inn i FAU står for mange som den ultimate uflaks. Slik var det ikkje for Trine. Ho gjorde ein god jobb år etter år og tok gjerne attval, og jammen fortsette ho også inn i ungdomsskulen. Ho må jo ha hatt glede av dette store engasjementet.

Optimismen prega Trine som person heile livet. Ho står fram som det positive mennesket som kunne få folk som hadde kontakt med henne til å kjenna at ho raust gav av sin eigen optimisme og energi slik at andre kjende at det smitta over.

Samstundes var ho jordnær og empatisk og viste stor evne til å dela dei små opplevingane, dei små tinga, ein liten detalj. Ho spissa småting mot den eller dei som var målet

hennar anten det var eit lite kort, ei heimelaga gåve, eit lite kva som helst som var energi og som vart tatt vare på som ein liten skatt fordi mottakaren kjende seg sett og lagt merke til.

Ho dømte aldri, følgde deg heller i tankegangen utan at ho behøvde å vera einig. Ho baksnakka ingen, men kunne gje ærlege svar på tiltale.

Os-lyrikaren Bente Bratlund har skrive noko som passar på Trine i diktet Stundom:

Stundom møter vi menneske
som hentar fram det beste i oss

Menneske som opnar for våre kjelder
som lokkar fram våre fargar
som aukar varmen i våre liv

Stundom møter vi menneske
som ser bak skala våre
så vi gløymer vi har dei
og strålar fram i vår prakt

Menneske vi ber i oss etterpå med takksemd

Trine var stolt over sin bakgrunn. Det nord-norske vart framheva og forsterka gjennom språk, faktar og veremåte. Ho var bunadsjente og svært kry over Nordlands-bunaden sin. Ho var ein feirar, ja, ho elska å feira. Ikkje berre 17.mai, men kva som helst. Holsen-heimen i Orresteinen vart ein Halloween-base der Erik fekk invitera venner på Halloween-fest.

Og så Harry Potter, då!

Harry Potter fekk på brei basis leva sitt eige liv gjennom Trine. På ferietur på Naxos, enda heile ferieselskapet opp med høgtlesing frå Harry Potter kvar kveld. Der er ikkje så mange godt vaksne kvinner som går rundt med Harry Potter- deksel på mobilen.

Trine var hundejente. Alt som småjente let ho seg fascinera av slaktaren sin svære schæfer. Men for henne blei det Luna og Gaia, mor og dotter, ein noko mindre krevjande hunderase enn den slaktaren hadde. Eit heilt eige forhold utvikla seg mellom hundane og Trine, ja, familien Holsen var faktisk ikkje berre tre, men fem individ.

For seks år sidan fekk Trine konstatert at ho hadde kreft som ho nok måtte leva med så lenge ho kunne. Familie, venner og kollegaer var i sjokk. Trine hadde heilt sikkert sine tankar om kva livet ville bli utover. Likevel la det ingen dempar på den energien, den optimismen og det pågangsmotet ho viste.

Ho var optimist medan andre syntes det såg svart ut.

Ho held fram med å vera ressurspersonen som andre søkte råd hjå, som hjelpte andre midt oppi sin eigen kamp for å leva slik ho meinte ho skulle leva. Ho skulle ha sine kurar og si behandling innimellom det ho og familien planla av ferieturar. Ho begynte på og gjennomførte med eksamen studium på BI. Det var som om ho ropte ut: «**Eg har ikkje gitt opp! Eg vil leva så lenge eg lever, - fullt ut.**» Ho skulle vera her lenge, var innstillinga.

Ho ville heller leva mens ho levde, enn å førebu seg på å døy.

Mot slutten, siste onsdagen, uttrykte ho seg likevel nøktern om det som hadde vore og det som skulle koma: Eg har hatt eit godt liv, - det blei berre så kort.

Trine si sjukdomshistorie var lang, samansett og komplisert. Mot slutten gjekk det fort, langt fortare enn ho hadde tenkt det ville gjera. Siste tida fekk ho heime med god heimesjukepleie. Då det gjekk heilt mot slutten, tirsdag 21. april, fekk ho ha alle sine næraste rundt seg.

Tidleg føremiddag gjekk Trine ut av tida, ut av livet slik vi kjenner det.

- Våre opplevingar er med på å forma oss.
- Og ikke berre forma oss sjølve, men også livet til dei som lever ved sida av oss og etter oss.
- Når vi no skal ta farvel, er det dei næraste si oppgåve å bringa vidare dei verdiane som Trine stod for.

I human-etikken nyttar ein ikkje omgrepet eit liv etter døden.

Likevel, det ettermæle ein let etter seg i familien, mellom venner, mellom dei ein arbeidde saman med er ei form for liv etter døden. Slik har det vore i uminnelege tider

I vår eldste litteratur, Håvamål, møter vi i vers 76 **den vise** sine tankar om ettermælet.

**Døyr fe;
døyr frendar;
døyr sjølv det same.
Men ordet um deg
aldri døyr
vinn du eit gjetord gjævt.**

Vi lyser fred over

**TRINE CRISTEL THOMASSEN HOLSEN sitt
minne og vi reiser oss i ei felles, stille stund til ære for
og til minne om henne.**